

I bt fredag 2. november skreiv Sebastian på 8 år frå Manger eit lesarbrev om at han er redd for å bli påkøyrd. (artikkelen ligg vedlagt).

Sebastian er redd for å bli påkøyrd når han må kryssa fylkesvegen for å gå til og frå skulen og elles. Sebastian ønskjer seg skilta og oppmerka fotgjengarovergang der han kryssar vegen. Sebastian har fått med seg at slike fotgjengarovergangar finst i heile verda. Kommunen til Sebastian er samd med han, og har det jamvel som prioritert tiltak i trafikksikringsplanen sin. Hordaland fylkeskommune eig vegen som Sebastian må kryssa. Fylkeskommunen sin vegansvarlege, Statens Vegvesen, har vore på staden. Dei sa då at dei ikkje ville imøtekoma ønsket til Sebastian. Grunngjevinga skulle vera at bilistar normalt ikkje viser omsyn til oppmerka fotgjengarovergangar på slike stader med den trafikkmengda og den fartsgrensa som er på staden. Såleis meiner Statens Vegvesen at slike fotgjengarovergangar gjev falsk tryggleikskjensle.

Kommunen er usamd i dette, og Sebastian er redd for å verta påkøyrd når han må kryssa vegen.

Fylkeskommunen legg stor vekt på folkehelseperspektivet i alle saksutgreiingar. Fylkeskommunen sin vegansvarlege vil til no ikkje koma Sebastian sitt folkehelseperspektiv i møte. Fylkeskommunen sin vegansvarlege meiner at Sebastian og kommunen hans ikkje skal få gangfeltet dei ber om, med den oppsiktsvekkjande grunngjevinga at trafikkreglane på dette punktet i praksis ikkje gjeld, fordi erfaringar viser at bilistane ikkje respekterer fotgjengarovergangar.

Spørsmål:

Vil Hordaland fylkeskommune skjera gjennom og imøtekoma ønsket til Sebastian, følgja opp trafikksikringsplanen i kommunen hans, og etablera fotgjengarovergang ved Langhøyane? Sebastian og kommunen hans har nemleg tru på at bilistane i kommunen hans kan, og følgjer trafikkreglane som er vilkåret for å ha førarkort.

Vil Fylkeskommunen alternativt etablera trafikklys på staden , eller iverksetja andre tiltak for at Sebastian skal føla seg trygg ved krysning av vegen?

Dersom Fylkeskommunen ikkje vil gjennomføra noko som helst trafikksikring på staden, så ber eg Fylkeskommunen svarar Sebastian med grunngitt innlegg i avisat.